

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Ullensvang

Emne: Brynet

Bygdelag: Vikebygd

Oppskr. av: Torald Rogdo

Gard: Rogdo

(adresse): Nå, Hardanger.

G.nr. 62 Br.nr. 5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Vilh. Rogdo, Ullensvang, gardbrukar, 52 år.

SVAR

1. Her i bygda seier me eit bryne og å bryna.
Ordet hein brukar me ikkje.
2. Bryne av naturstein vert bruka mest her i bygda enno. Men brynesteinen vert ikkje funnen her.
3. Dei reiskapane som me brukar til vanleg, sliper me fyrst og bryner dei etterpå. Høveltenner, knivar o. l. bryner me på finare bryne.
4. Folk no hugsar ikkje anna enn at ljåen vart slipt. Sigd og skjera vert slipte og brynte likt.
5. Slipesteinar som ligg stille finst ikkje her.
Ein tek aldri slipesteinar med utover bakkane.
Ljårne vert slipte på slipesteinar i bekkene eller heime. Dei siste vert drivne med elektrisitet.
6. Sume ljår kan ein slå med opptil ein heil dag.
Men dei fleste er utskjemde når ein har brukt dei ei økt, sume før.
7. Ein har aldri meir enn eitt bryne til ljåen. Tre-bryne finst ikkje.
8. Ein tek alltid ljåen av orvet når ein sliper.
Egga held ein mot seg.
9. Langorvet set ein i bakken på høgre sia av seg når ein bryner. Stutturvet set ein mellom føtene som ein set i kross.

- 2
10. Her seier me holk. Før brukte dei treholkar,
men no blekkholkar.
 11. Ein har ikkje brukt horn til å bera brynet i.
 12. Holken heng i ein liten krok i buksa midt bak
eller på høgre sia.
 13. Båe slag bryne vøter ein med vatn.
 14. Ein har ikkje noko ord for brynemjølet.
 15. Brynemjølet brukar ein ikkje til noko.
 17. Nei.
 18. Me veit ikkje om noko slik segn.
 20. Me kjenner ikkje slike visor her.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

adr. NORSK FOLKEMUSEUM

BYGDØY

389

383

1880